



Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/547 - 17/5956

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
24.03.2017

Godkjenning - GBNR 27/129 - Parkeringsplass - Grasdal skule

Administrativt vedtak. Saknr: 86/2017

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Alversund Maskinstasjon AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Alversund Maskinstasjon AS har på vegne av tiltakshavar, Meland kommune, søkt om løyve til opparbeiding av parkeringsplass med plass til 65 biler, samt avkøyrsløp, i tilknytning til Grasdal skule.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Moldekleiv, planid: 125619780001, og er regulert til byggeområde for offentlig bygg. Meland kommune står registrert som heimelshavar.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 23.3.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

Lov- og plangrunnlag:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Opparbeiding av parkeringsplass er eit «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav l), og på grunn av storleiken er tiltaket i denne saka søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

I reguleringsplan for Moldekleiv er eigedomen regulert til byggjeområde for offentleg bygg, og er frå før av bebygd med skule. Opparbeiding av parkeringsplass er difor i samsvar med regulert arealformål.

Vidare følgjer det av veglova § 40 andre ledd at opparbeiding og bruk av avkøyrsløp må godkjennast av kommunen.

Byggverket si høgd, plassering og avstand til nabogrense:

Eit tiltak si plassering og høgd må vere i samsvar med reguleringsplanen, jf. pbl § 12-4, og skal godkjennast av kommunen, jf. pbl § 29-4 første ledd. Føresegna gjeld så langt den passar for blant anna vesentleg terrenginngrep og opparbeiding av veg eller parkeringsplass, jf. pbl § 30-4 første ledd. Kommunen kan fastsette høgd og form på terreng, jf. § 30-4 andre ledd.

Ved vurdering av plassering og høgd etter pbl § 29-4 første ledd kan tilpassing til terreng og eksisterande bygningar, utsikt, lystilhøve og brannsikkerhet vere relevante forhold. Vidare vil omsynet til naboar, og om dei kan behalde tilsvarande kvaliteter, vere relevante omsyn.¹ Administrasjonen kan ikkje sjå at omsyna bak kravet om avstand frå nabogrense er til stades for det omsøkte tiltaket. Vi finn difor at parkeringsplassen kan godkjennast plassert som omsøkt, 1 meter frå nabogrensa mot gbnr. 27/13, som vist på vedlagte situasjonskart, journalført 23.3.2017.

Vidare godkjenner vi opparbeiding og plassering av avkøyrsløp som omsøkt, jf. veglova § 40 andre ledd. Avkøyrsløp skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart, journalført 23.3.2017.

Parkeringsplass og avkøyrsløp skal utformast etter vedlagte profilteikningar, journalført 23.3.2017.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 2.3.2017. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande og utførande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav l) løyve til opparbeiding av parkeringsplass på gbnr. 27/129, jf. søknad journalført motteke 23.3.2017.

Vidare godkjenner vi opparbeiding og bruk av avkøyrsløp som omsøkt, jf. veglova § 40 andre ledd.

Parkeringsplass og avkøyrsløp skal plasserast som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart, journalført 23.3.2017, og utformast etter vedlagte profilteikningar, journalført same dato.

¹ I rundskriv H-8/15

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf. ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Profilteikning parkeringsplass Grasdal skule GBNR 27/129

Mottakere:

Alversund Maskinstasjon As

Buhaugen 6

5911

ALVERSUND